

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen **onsdag 12. februar 2014, kl. 18.00**

Det møtte totalt 43 delegatar, derav 5 kom til og 5 gjekk.

Audhilds opna med slåttane Fjellmannjenta, Tilteguni og Spretten.

Sak 1 Velkomen / opning

Torbjørn Bergwitz Lauen ynskte velkomen frå styret. I høve velkomsthelsinga las Torbjørn minneord for heiderslagsmann Helge Berntsen, som gjekk bort førre året. Årsmøtet haldt eitt minutts tystnad for Helge Berntsen og lagsmann Normann Sture.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Borghild Opdahl gjekk gjennom innkallinga, som vart send ut til alle medlemar den 10. januar.

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Borghild gjekk gjennom saklista, som vart send ut til alle medlemar den 10. januar.

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Arnvid Underlid og Øystein Erstad

Ordstyrarane takka for tilliten. Alle frammøtte presenterte seg.

2.4 val av skrivarar

Vedtak: Hanna Kvalheim Hekkelstrand og Maren Sofie Løfsgård

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Øystein Ask og Marit Kvamen

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Monika Gosiewska og Øystein Rambjørg

Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram med arbeidsprogram 2013 - 2014 for Bergen ungdomslag Ervingen

Torbjørn Bergwitz Lauen la fram saka frå styret.

Laget hadde 224 medlemar i 2013. Det hev vore mykje aktivitet det siste året.

Teaterlaget la ned aktiviteten i haust då instruktøren deira slutta. Medlemane i Gimlingane hev valt å trekkja seg ut av laget og danna si eige gruppe. Særlaget Gimlingane er framleis ein del av laget.

Styret hev jobba mykje med økonomi det siste året, då det var budsjettert med eit stort underskot for 2013. Som følgje av godt arbeid hev styret lukkast med å henta inn noko av dette.

Styret hev vore innom alle punktane i arbeidsprogrammet som gjeld for 2013 og 2014. Mellom anna hev tre ungdomar vore på instruktørkurs i dans, og nokre medlemmar hev vore på organisasjonskurs. Det hev vore skipa tre lagsmøte. Samarbeid med mellom anna VOFO og mållaget. I tillegg hev laget fått ny nettside.

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen og oppsummering av arbeidet med arbeidsprogrammet for 2011-2012 låg ved sakspapira.

Tilråding frå Rådet den 23.01.14: *Rådet tilrår godkjenning av årsmeldinga, med nokre språklege endringar.*

Desse hadde ordet i saka: Rigmor Nesheim Vaular

Medlemmar og grupper frå laget hev det siste året delteke i ulike tevlingar. Dette er ikkje nemnd i årsmeldinga.

Vedtak: Styret får fullmakt til å skriva inn punkt 11, tevlingar, i årsmeldinga.

Munnleg melding frå Ervingen Lagsbruk AS ved Øystein Erstad. Selskapet hev ein aksjekapital på rundt 100 millionar. 5% rente vert utbetalt til laget kvart år gjennom eit lån på 10 millionar. Selskapet eig tre dotterselskap. Ervingen Kulturhus driv Gimle og Fensal. Drifta i kulturhuset går bra. Det hev vore arbeida med å utvikla drifta i begge husa, men ting tek tid. For å få gjort endringar må selskapet arbeida i forhold til både kulturminnemyndigheiter og liknande. Dette går sakte. Resultat for dei enkelte selskapa ligg ikkje føre. Ervingen Lagsbruk AS eig og Hordaheimen AS og Ervingen Eigedom. Ervingen Eigedom er dei eigedomane som hotellet driv hotelldrift i. Hordaheimen hev ei omsetning på ca 25 millionar, Ervingen Eigedom ca 5 millionar. Hordaheimen vart råka av ein knekk i sommar, då det skulle pussast opp. Dette påførte selskapet store kostnadar. Selskapa kjem difor til å gå med underskot i 2013. Fonds- og Eigedomsstyret er generalforsamling for forretningsdrifta.

Styret i Ervingen Lagsbruk AS 2013

Leiar: Øystein Erstad

Nestleiar: Åslaug Trageton

Medlem. Torgrim Ljones

Desse hadde ordet i saka:

Eldbjørg Gunnarson, Torgrim Ljones

Vedtak:

<p>a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2013 for laget, med dei merknadene som kom fram på møtet.</p>

- | |
|--|
| <p>b. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS til vitande.</p> <p>c. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.</p> |
|--|

Samrøystes vedteke.

Sak 4 Rekneskap for 2013

Borghild Opdahl innleia punktet. Rekneskapen til laget er ikkje klart enno, og styret tek ansvar for dette då det var for tidleg å arrangera årsmøte i februar. Ein av grunnane til at ikkje rekneskapen er klar er at økonomimedarbeidar i år jobbar i ein langt lågare stillingsprosent enn det førre rekneskapsførar gjorde. Lagsrekneskapen kjem til å gå i underskot i år også, men ikkje like mykje som budsjettert. Dette handlar mellom anna om at det vart betalt husleige for kontoret i Fensal for to år på førre års rekneskap. Me hev også fått ein del meir støtte enn budsjettert, mellom anna fordi me fekk støtte til å kjøpa nye feler.

Styret føreslår at årsmøtet anten gjev Rådet fullmakt til å godkjenna revidert rekneskap eller at rekneskap må handsamast på nytt årsmøte.

Førebels revisjonsmelding ligg føre, og Øystein Erstad las denne.

Det vart diskutert om det er å strekka lovane langt å la Rådet godkjenna rekneskapen. Gjennom lagslova står det ingenting om dette, og det er heller ikkje nemnd i styringsføresegna. Rådet skal primært godkjenna mellom anna rekneskap og årsmelding før årsmøte, noko som skjer på eit fellesmøte mellom rådet og styret. Samstundes er det årsmøtet som er det høgste organet i laget, og i kraft av dette bør årsmøtet kunne gje Rådet høve til å godkjenna rekneskapen.

Desse hadde ordet i saka: Endre Kleiveland, Øystein Ask, Astrid Sirnes, Halvor Røyset og Stig Vaular.

Vedtak: Årsmøtet gjev Rådet fullmakt til å godkjenna revidert rekneskap.

Vedteke med 35 mot 3 stemmer.

Frode Myhra la fram status for fondsrekneskapen. Rekneskap for Fonds- og eigedomsstyret er heller ikkje klart, av same grunn som for lagsrekneskapen. Frode Myhra gjorde greie for budsjett og stipulert rekneskap, med noter. Frode ba om at fondsrekneskapen kunne handsamast på same måte som lagsstyret sin.

Desse hadde orda i saka:
Torgrim Ljones

Vedtak:

Alternativ 1

- a. Årsmøtet gjev rådet fullmakt til å godkjenne revidert rekneskap for 2013.
- b. Årsmøtet gjev rådet fullmakt til å godkjenne revidert rekneskap for 2013 for Reservefondet.

Samrøystes vedteke.

Om årsmøtet ikkje hadde vedteke dette ville godkjenning av revidert rekneskap vorte sak på utsett årsmøte.

Sak 5 Lovendringsforslag

Birgit Mjeldheim la fram saka frå styret.

I siste setning av paragraf 6 i styringsføresegna står det per i dag at Blad og Blestnemnda er ansvarlege for å gje ut lagsbladet Bodstikka. Styret ynskjer å stryka denne setninga. Dette fordi produksjon av lagsbladet er veldig tidkrevjande og dyrt. Bladet kjem ut to gongar i året, noko som gjer at nemnda kjenner på at det som står i bladet er utdatert når det kjem ut. Styret føreslår heller at nemnda skal nytta nettsida aktivt for publisering av nyhende.

Sakspapira vart send ut til alle medlemene 10. januar, som er meir enn ein måned før årsmøte, i tråd med lovene til laget. Styringsføresegnene for laget kan endrast av eit årsmøte med vanleg fleirtal.

Tilråding frå Rådet, 23.01.14: *Rådet tilrår endringsframlegget frå styret.*

I tillegg til det som ligg på nettsida får medlemar i laget nyhendebrev på epost kva måndag. Problemet med at all info kjem via internett og epost er at dette ekskluderar dei medlemene som ikkje nyttar digitale medier. Til dømes er det fleire i Selsvikklubben og på Folkedans for seniorar som ikkje har epost. Styret må finna ein måte å informera også desse medlemene om kva som skjer i laget. Dette kan skje gjennom til dømes at dei får eit halvårsprogram i posten, eller at ein lager eit skriv med både nyhende og informasjon som vert sendt ut med jamne mellomrom.

Eit anna innspel er at namnet «Bodstikka» ikkje bør forsvinna frå laget, mellom anna av historiske grunnar. Dagens Bodstikka er ei vidareføring av lagsbladet til BUL.

Desse hadde orda i saka: Torgrim Ljones, Øystein Ask, Eldbjørg Gunnarson, Knut Malkenes, Øyvind Vatshelle, Endre Kleiveland.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegget til endringar i styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen.

Samrøystes vedteke.

Årsmøtet sang "Tytebæret"

Kaffi og mat

Årsmøtet sang "Flaumen går"

Sak 6 Budsjett 2014

Borghild Opdahl la fram saka, og gjorde greie for budsjettet. Budsjettet er stramt, både på inntekt og utgiftssida, men det skal vera mogleg å oppretthalda aktiviteten me hev per i dag med dette. Budsjettet styret la fram er sett opp ut ifrå tala særlaga hev lagt fram i sine budsjett, og så hev styret sett inn tal for hovudlaget. På stønadssida er budsjettet mykje høgare enn tidlegare. Dette fordi me hev fått 200 000 kroner frå Bergen Kommune til eit prosjekt i folkedans og integrering. Dette aukar også instruktørutgiftene tilsvarande. På inntektssida kan dette endrast noko grunna at Fondsrekneskapen ikkje ligg føre. Laget får overskotet frå fondet, og tal for dette er difor ikkje klart. Litt av underskotet vert også dekkja av resten av pantebrevet.

Frode Myhra la fram budsjett for Fond og Eigedom. Budsjettert med 614000 i resultat for 2014.

Tilråding frå Rådet 23.01.14: *Rådet tilrår godkjenning av budsjettet for 2014*

Desse hadde ordet i saka: Frode Myhra, Halvor Røyset, Torgrim Ljones, Astrid Sirnes, Endre Kleiveland, Øystein Ask, Øystein Rambjørg, Stig Vaular, Borghild Opdahl

Styret justerte ned overføring frå fonda frå 380 000 kroner til 330 000 kroner, med bakgrunn i estimat frå Fonds- og eigedomsstyret.

Vedtak:

- | |
|--|
| <p>a. Årsmøtet godkjenner budsjett for 2014.
b. Årsmøtet godkjenner budsjett for 2014 for Reservefondet.</p> |
|--|

Samrøystes vedteke.

Sak 7 Medlemspengar 2015

Mari Skjerdal Lysne la fram saka frå styret. Styret føreslår å ikkje endra medlemspengane for 2015. Nokre av særlaga i laget er knytt til andre organisasjonar som krev kontigent. Styret ynskjer at vaksne lagsmedleamar betalar dette sjølv. Dette førar til endring i medlemspengar for desse medlemmane i 2014. Styret ynskjer difor ikkje at dei skal få auke to år på rad. Dette gjeld for koret, som er med i Korforbundet, og for Audhilds, som er medlem i FolkOrg.

Tilråding frå Rådet 23.01.14: *Rådet tilrår styret sitt framlegg for medlemspengar 2015.*

Desse hadde orda i saka: Sissel Ingunn Nordstad, Stig Vaular, Mari Skjerdal Lysne, Hanna Hekkelstrand

Vedtak:

Medlemspengar 2015:

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemmar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 100,- pr. halvår.

Dei medlemmane over 18 år som er tilmeld andre organisasjonar enn Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, samt deira fylkesledd, betalar medlemspengar i slike organisasjonar sjølve.

Samrøystes vedteke.

Sak 8 Fråsegner

Fråsegn frå Torgrim Ljones – om nynorsk på Den Nationale Scene. Årsmøtet vedtok fråsegnet, og det vert opp til styret å syta for at fråsegnet vert redigert og publisert.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Mari Skjerdal Lysne, Frode Myhra, Øystein Ask

Fråsegn frå Fredrik Hope – om Flesland/Avinor som bryt språklova. Årsmøtet vedtok fråsegnet, men vil at styret skal endra ordlyden og forma på det. Publisering og redigering vert styret sitt ansvar.

Desse hadde ordet i saka: Endre Kleiveland

Marianne Pedersen overtok for Monika Gosiewska i tellekorpset.

Sak 9 Val

Sigrid Ølmheim frå valnemnda la fram saka. Nemnda hev jobba normalt sidan slutten av oktober. Ved utsending av årsmøtepapir var ikkje innstillinga komplett, men få dagar før årsmøtet falt siste brikke på plass. Alle styrer og nemnder er no fylt opp med tillitsvalde, med unntak av teaterlaget, der det berre er instilt leiar og eitt medlem. Grunnen til dette er den lave aktiviteten i særlaget. Valnemnda hev difor valt å ikkje innstilla medlemmar frå teaterlaget som for tida ikkje er aktive, og vonar årsmøtet forstår dette.

Sidan laget ikkje hev hatt leiar dei siste to åra er det rådsleiar som hev hatt personalansvar i laget. No som laget får styreleiar vert dette tilbakeført til denne, då dette er i tråd med styringsføresegna.

Dei som hadde ordet i saka: Astrid Sirnes, Øystein Ask, Rigmor Nesheim Vaular

Vedtak:

Lagsstyret

Leiar	Torbjørn Bergwitz Lauen	på val, 1 år
Styremedlem	Sigrid Ølmheim	på val, 2 år
Styremedlem	Marianne Pedersen	på val, 2 år
Styremedlem	Borghild Marie Opdahl	ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Øyvind Vatshelle	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	John McShane	på val, 1 år
Varamedlem	Rigmor Nesheim Vaular	på val, 1 år
Varamedlem	Inger Johanne Bolstad	på val, 1 år

Rådet

Leiar	Stig Vaular	på val, 1 år
Medlem	Aud Fjeld	på val, 2 år
Medlem	Ole Ekornes	på val, 2 år
Medlem	Eli Randmo	på val, 2 år
Medlem	Henry Myrdal	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Indrebø	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Annbjørn Fadnes Kyrkjebø	på val, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val, 1 år
Varamedlem	Hilde Hovland Erstad	på val, 1 år

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Frode Myhra	på val, 1 år
Medlem	Brit Sørland	på val, 2 år
Medlem	Torgrim Ljones	på val, 2 år
Medlem	Endre Kleiveland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Sverre Moklev Sundvor	ikkje på val, 1 år att

Folkedanslaget

Leiar	Mari Skjerdal Lysne	på val, 1 år
Medlem	Eva Brita Åkerlund	på val, 2 år
Medlem	Marit Kvamen	på val, 2 år
Medlem	Brynjulf Langballe	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Maren Sofie Løfsgård	ikkje på val, 1 år att

Ungdomsgruppa

Medlem	Karoline Liland	på val, 2 år
Medlem	Borghild Marie Opdahl	utfyllingsval, 1 år
Medlem	Maria Nordås	ikkje på val, 1 år att

Barnelaget

Leiar	Sverre Sundvor	på val, 1 år
Medlem	Edit Bugge	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Eli Okkenhaug	på val, 2 år

Kor e' Tonen

Leiar	Bjørn Feltens	på val, 1 år
Medlem	Kristin Haugland	på val, 2 år
Medlem	Charlotte Faaberg Johansen	ikkje på val, 1 år att
Vara	Silje P. Søviknes	på val, 1 år
Vara	Bente Kristin Humborstad	på val, 1 år

Teaterlaget

Leiar	Jon Kåre Lotsberg	på val, 1 år
Medlem	Janne Christine Regin Nordstrønen	på val, 2 år
Medlem		Utfyllingsval, 1 år

Spelmannslaget

Medlem	Irene Bjørke	på val, 2 år
Medlem	Sissel Ingunn Nordstad	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Johanne Mjøs	på val, 2 år

Gimlingane

Medlem	Sigrid Ølmheim	på val, to år
Medlem	Håvard Ims	utfyllingsval, 1 år

Blad- og blestnemnda

Leiar	Nina Blågestad	på val, 1 år
Medlem	Emma Alexandre Lirhus Miro	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Martin Nessen	Utfyllingsval, 1 år
Medlem	Dag Hermansen	på val, 2 år
Medlem	Kjersti Johanne Nybø	på val, 2 år

Hyttenemnda

Medlem	Knut Malkenes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Berit H. Lappegård	på val, 2 år
Medlem	Hans Nyeggen	ikkje på val, 1 år att

Representantar til Rådet i Bygdelagsnemndi

Repr.	Eldbjørg Gunnarson	på val, 1 år
Repr.	Magnhild Råke Søholt	på val, 1 år
Vara	Rigmor Nesheim Vaular	på val, 1 år

Ettersyn

	Halvor Røyset	på val, 1 år
	Lars Olav Tveita	på val, 1 år
Vara	Einar Moberg Heggland	på val, 1 år

Valnemnda

Leiar	Gunn Inger Sture	på val, 1 år
Medlem	Sverre Sundvor	på val, 1 år
Medlem	Guro Haugen	på val, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	på val, 1 år
Medlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	på val, 1 år

Selsvikklubben vel eigen leiar

Utendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon

Ordstyrarane takka for seg.


Borghild takka dei tillitsvalde som var på veg ut av sine verv, og overrekte blomar til desse.

Torbjørn takka for frammøtet og heva møtet.

Møtet slutt kl. 20.50

Skrivarar: Hanna Kvalheim Hekkelstrand og Maren Sofie Løfsgård


Marit Kvamen


Øystein Ask

